

Rapport frå Søya/Todalen G9/10

Søya/Todalen G9/10 er som namnet tilseier eit samarbeidslag mellom I.L. Søya og Todalen I.L.

Trenarar for laget har vore Ivar Vikan og Ola Dalsegg, medan Bjørn Gunnar Ansnes har vore lagleiar.

Laget hadde planer om å starte med innandørstreningar frå den 16.mars, men dette vart det ikkje noko av på grunn av Koronasituasjonen og ned-stenginga av Norge frå den 12.mars. Vi kom i gang med treningar frå den 11.mai, men då med treningar for Søya-spelarane på Søyabanen og for Todals-spelarane på Bordholmen. Første felles trening vart gjennomført på Søyabanen 1.juni. Laget hadde felles treningar på måndagar og nokre onsdagar utover sommaren. Treningane vart fordelt mellom Søyabanen og Bordholmen. Sidan vi kom i gang med treningane litt seint denne sesongen, vart det ein kort sommarferie, der vi hadde treningsfri i 3 veker.

17.august var tida endeleg koma for å spele kamp. Vi hadde heimekamp mot Tingvoll på Søyabanen. Dette var laget sin første kamp med 7-er fotball, noko som prega spelarane ein del, spelielt i starten av kampen. Vi har gjennom sesongen spela 8 kampar:

- 17.august: Søya/Todalen – Tingvoll på Søyabanen
- 26.august: Grøa Hvit – Søya/Todalen på Grøa stadion
- 3.september: Søya/Todalen – Surnadal 1 på Bordholmen stadion
- 7.september: Søya/Todalen – Dahle blå på Søyabanen
- 11.september: Surnadal 1 – Søya/Todalen på Amfi park
- 15.september: Nordlandet 5-er – Søya/Todalen på Nordlandet kunstgressbane
- 24.september: Tingvoll – Søya/Todalen på Tingvoll kunstgressbane
- 30.september: Søya/Todalen – Grøa hvit på Søyabanen

I tillegg har laget spela ein vennskapskamp mot Surnadal G9 på Bordholmen den 28.september.

På grunn av Koronasituasjonen så har heller ikkje vårt lag delteke på cupar denne sesongen. Men dei fleste av spelarane var med på Søya sin aktivitetsdag den 22.august. Eit kjempebra arrangement med varierte aktivitetar.

Laget har utvikla seg godt frå starten av og fram til sesongen vart avslutta den 30.september. I starten var treningsoppmøtet litt labert, men dette tok seg etter kvart opp og var bra heile tida etter kampene tok til. For å ha nok spelarar vart dei tre 8-åringane frå Todalen som spelar fotball tekne med på treningar og kampar. Utan dei hadde vi ikkje greidd å stille lag til alle kampene. Elles har vi lånt Tor Asbjørn M. Karlsen (1 kamp) og Marius Kvande (3 kampar) frå G12-laget for å stå i mål for oss.

Desse har vore med på ein eller fleire kampar denne sesongen: Magnar Vikan, Olav Gjeldnes, Erlend S. Polden, Ailo K. Røen, Ådne Måøy, Trygve Aleksander Halle, Jens Sancho Ansnes, Sindre M. Rodal, Endre Fossen, Jakob Ranes, Anders D. Bruseth, Ådne Gjeldnes, Mikael Bråten og Lars Ailo Jakobsson.

Til slutt vil trenarane og støtteapparat takke spelarane for ein fin sesong. Vi vil og takke våre kollegaer på dei andre lage, fotballgruppa og ikkje minst anleggskomiteane på Søyabanen og

Bordholmen for det arbeidet dei har lagt ned for å gje oss topp speleforhold. Å påstå at vi har to av Nordmøre sine finaste grasbanar er i alle fall ikkje langt unna sanninga. TAKK!

Nordvik/Todalen 14.10.2020

Ivar Vikan

Ola Dalsegg

Bjørn Gunnar Ansnes